

Pressemelding frå Vern Hovda 26.04.10

Vern Hovda har hatt som mål å stoppe planane om vindmøllepark på Hovda i Vanylven kommune.

Det er derfor med stor glede vi har motteke varsel om at utbyggingsselskapa Tussa, Vestavind Kraft og Zephyr legg vekk planane om vindmøllepark på Hovda.

Vi meiner det er eit godt og klokt val kraftselskapa har gjort.

Dette er ikkje berre ein siger for det store fleirtal blant grunneigarane, innbyggerane og andre med interesse for området, men ein stor siger for framtidige generasjonar.

Hovda er med sine store flater på høg fjellet (400-600m) ytterst ute i havgapet norges største kysthøgsllette og soleis ei unik halvøy på Søre Sunnmøre. Kystlyngheiane er og karakteristiske og særpregar området.

Synleggjering av området kvalitatar, samt skaffe til veie relevant informasjon og oppslutningsnivå blant grunneigarane og folket har vore viktig del av aksjonsgruppa sitt arbeid.

Vern Hovda har gjennomført eigne grunneigarundersøkelser (90% oppslutning), som viser kor sterk motstand har vore.

For området Sandviknakken seier 70% av grunneigarane nei til planane, for Nystøylhornet er 65 % negative.

For området Sandvika, eit området som ville verte sterkt berørt med tilkomstveggar, kort avstand til turbinane og visuelle påvirkning har grunneigarane ikkje blitt førespurt av utbyggerane. Her har over 90% av grunneigarane sagt nei til planane.

Vi meiner det var eit vesentleg feilgrep at Vanylven kommune skapte urealistiske forventningar hos utbyggerane, som ikkje har hatt samsvar med virkelegheitsbilete og folkeviljen.

Vern Hovda håpar for framtida ein sterkare lojalitet frå Vanylven kommune si side i forhold til demokratisk utvikla planverk, og openheit og inkludering som måtte gå på tvers av dette.

Vi håpar også at sentrale myndigheiter vil utarbeide ein overordna miljø- og energiplan, kor heilskap vert det bærande prinsipp.

Hakallestrand, 26.04.10

Aksjonsgruppa Vern Hovda